

## Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 20.08.2015

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### Innstilling

- 1 Hordaland fylkeskommune rår med atterhald i pkt. 2 til utbygging av Tysso kraftverk.
- 2 Bekkekløfta i tiltaksområdet må kartleggjast i samsvar med retningslinene i Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland. Om det syner seg at juvet har kritisk truga eller sterkt truga artar, vil Hordaland fylkeskommune rå frå konsesjon. Om tiltaket i juvet kjem i konflikt med biologisk mangfald av stor eller middels verdi, må NVE vurdera om den søkte minstevassføringa er tilstrekkeleg. Om juvet ikkje let seg undersøkjja, vil Hordaland fylkeskommune med grunnlag i føre var-prinsippet i Naturmangfaldlova rå frå konsesjon.
- 3 Av omsyn til vintererle må skogen langs elva i tiltaksområdet haldast intakt.
- 4 Av omsyn til fossefall må ein vurdera oppsetting av eigne reirkasser der trygge reirplassar forsvinn.
- 5 Hordaland fylkeskommune vil be NVE vurdera om minstevassføringa ovanfor kraftstasjonen er høg og differensiert nok til å ta vare på omsynet til potensialet for anadrom fisk.
- 6 Gyteområde for brunaure må ikkje reduserast i eit slikt omfang at det er til trugsel for bestanden.
- 7 Inntaksdam og tunnelpåhogg med massedeponi må tilpassast slik at det ikkje oppstår varige sår som reduserer opplevingsverdien i landskapet.
- 8 Det vert stilt krav om arkeologisk registrering, jf. § 9 i kulturminnelova, skal utførast i god tid før tiltak i marka vert sett i verk, då potensialet for funn av automatisk freda kulturminne vert vurdert som høgt.
- 9 Ein eldre vegtrasé skal tilbakeførast når anleggsarbeidet er ferdig.
- 10 Det skal ikkje gjerast eksteriørmessige endringar i kraftstasjonen.
- 11 Det må óg takast omsyn til kulturminneverdiane knytt til interiør i kraftstasjonen. Eldre aggregat, samt mekanisk og elektrisk utstyr av kulturhistorisk interesse, bør takast vare på.
- 12 Vassføringa i Tysso må oppretthaldast i så stor grad at opplevingsverdien av kulturminneelementa langs elva ikkje vert vesentleg forringa.

Lenke: [Norges vassdrags- og energidirektorat](#)